



Torsdag var tre karar frå Genbank Hardanger i sving med å fanga fisk i Uskedalselva slik at arvemateriale frå den lokale aurestamma kan verta berga for framtida. Denne gangen var det hannfisk som vart fanga, og føremålet er å frysa inn melke frå dei ved genbankstasjonen i lms i Rogaland.

På biletet ser vi Bjørn Huse ved buret der 11 levande fiskar ventar på transport vidare langs landevegen. Desse fiskane vart fanga i Tverrelva og Hauglandsbekken og fekk seinare på dagen selskap av fleire hannfiskar frå gytebekkar høgare oppe i vassdraget. Bjørn seier at det er bra med både vaksen fisk og yngel i elva og at fanginga gjekk greitt. Dei nytta elfiskeapparat for å svimeslå fisken før den vart plukka opp med håv.

20 vassdrag i Hardanger og Sunnhordland er med i denne storsatsinga. Bakgrunnen for prosjektet er den sårbare situasjonen dei lokale lakse- og aurestammane har kome i.

Tekst og foto: Anbjørn Høvik, Uskedal grunn- og elveeigarlag.
Nett: Thor Inge Døssland